

VERN AV DYRKA MYRJORD I KYSTSTROK.

Rundskriv av 29. mars 1951 fra Det kgl. Landbruksdepartement.*)

Mykje av den dyrka jorda i kystbygdene er grunnlendt myrjord, som ligg på fjellgrunn.

Når denne jorda er oppe til åker, minkar jordlaget. Denne jordminken kjem av ymse orsaker, som ein ikkje skal koma nærare inn på her.

Dei etterrøkjingane som er gjorde om dette her i landet, syner at under visse tilhøve kan jordminken vera relativt stor og dei tyder på at vanleg skiftebruk av jorda ikkje er tilrådeleg under slike tilhøve.

Det er svært viktig at dei brukarar som har slik jord, er merksame på dette, og at dei so vidt råd er tek omsyn til dette ved drifta.

Sjølv om mange brukarar er merksame på at myrjorda minkar når ho vert nytta til åker, er det truleg at svært mange brukarar med slik jord ikkje er fullt klår over kva konsekvensar jordminken vil ha for jordbruksdrifta sett på lengre sikt og kva som kan gjerast for å hindra jordtapet.

Landbruksdepartementet finn difor at det snarast bør setjast igang ei opplysning- og rettleiingsverksemd i dei strok der faren for jordmink er stor.

Ein vil difor oppmoda landbruksselskapa og jordbruket sine tene- stemenn i kystherada at dei tek opp dette opplysningsarbeidet i sam- svar med det røynsle, forsøk og eventuelle driftsgranskingar syner.

Brukarane i kystbygdene bør so langt rå er ved foredrag og fag- artiklar og personleg rettleiing bli gjort kjende med kva driftsform (former) ein meiner høver best i lengda.

Ein gjer i denne samanheng merksam på at departementet har vendt seg til Rådet for Jordbruksforsøk med oppmoding om å setja igang ei nærare gansking av spørsmålet og dei rådgjerder som bør takast for å motverke jordminken på dyrka jord i kyststroka.

Jordstyra i dei herad det her gjeld, bør òg drøfte saka og dei rådgjerder som er turvande for kvar einskild brukar.

Oslo, 29. mars 1951.

Kr. Fjeld.

Sverre Forberg

*) Kfr. Medd. fra Det norske myrselskap 1950, side 100 og side 103—104, som viser bakgrunnen for rundskrivet.